



Kålås & Sønn AS  
Sauvågen 83  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1290 - 17/11998

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
26.04.2017

## Svar på søknad om endra bruk av avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 195/3 Leiknes

Teknisk drift syner til Dykkar e-post av 25.04.2017 vedkomande søknad om endra bruk av avkjørsle for ny bustad med 1 bustadeining på gbnr 195/3, Leiknes.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til endra bruk av avkjørsle frå kommunal veg for ny bustad med 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone ved fartsgrense 50 km/t er satt til 4x45 meter (jf. vegnormal N100, tabell E4 og E6). Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

**Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld tilknytning til kommunal veg. Dersom avkjørsle må utbetrast for å tilfredsstillte tekniske krav, kan tiltak være søknadspliktig etter plan og bygningslova.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fagsjef vegdrift  
Lindås kommune ved byggesak

**Mottakarar:**

Kålås & Sønn AS

Sauvågen 83

5915

HJELMÅS